



SAKSHANDSAMAR  
Kristi Vindedal

VÅR REF.  
13/03111-7

ARK. Forvaltningsarkivet  
351.8

INNVALSTELEFON

+47 98202846

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
17.06.2014

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

Se mottakerliste

## Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - utsett høyringsfrist og invitasjon til møte

Riksantikvaren viser til brevet vårt av 27.5.2014 med høyringsutkast til *kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*. Høyringsutkastet, som omfattar ni område i Hordaland, er ledd i arbeidet med å etablere eit register for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

Forprosjektet er eit oppdrag til Riksantikvaren frå Klima- og miljødepartementet og vert gjennomført i Hordaland og Østfold. Arbeidet skal munne ut i eit førebels utval av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i dei to fylka. Det skal også gje naudsynte erfaringar for å avgjere om og korleis eit landsomfattande prosjekt skal gjennomførast.

Riksantikvaren tillyste eit høyringsmøte i Bergen 11.juni. Datoen var varsla i orienteringsbrev av 25.4.2014 og program og invitasjon var lagt ved høyringsbrevet av 27.5. Vi såg oss nøydde til avlyse møtet då berre tre kommunar meldte seg på innan fristen. E-post om dette vart sendt ut til høyringsinstansane 6.juni.

Vi har etter dette fått meldingar tilbake der fleire kommunar meiner at høyringsfristen er for kort. Kommunane legg til grunn at høyringsfråsegna må handsamast politisk i kommunen og at det er vanskelig eller umogeleg å få dette til før sommarferien. Riksantikvaren ser positivt på at kommunane legg opp til ei politisk handsaming av høyringsutkastet og ønskjer å legge til rette for dette. Høyringsfristen vert difor utsett til 1.oktober 2014.

For at Riksantikvaren skal kunne starte arbeidet med den faglege bearbeidninga av forslaget så snart som mogeleg, inviterer vi til å gje førebelse faglege administrative merknader innan den opphavlege fristen 4.juli eller før sommarferien.

Fleire kommunar har òg sagt at dei ønskjer eit møte med Riksantikvaren i høyringsperioden. Frå vår side trur vi òg at eit slikt møte vil vere nyttig for å klargjere kva som ligg i framlegget og få synspunkt frå høyringsinstansane. Erfaringane med eit slikt møte i Østfold var gode.

Riksantikvaren inviterer til høyringsmøte på fylkeshuset i Bergen onsdag 13.august. Program for møtet er lagt ved.

Vi ber om påmelding til [krv@ra.no](mailto:krv@ra.no) innan torsdag 7.august.

Beste helsing

Jostein Løvdal (e.f.)  
Seksjonssjef

Kristi Vindedal  
Seniorrådgjevar

**Brevet er godkjent elektronisk utan underskrift**

Vedlegg: Program for høyringsmøte

Kopi til: Klima- og miljødepartementet - Kulturminneavdelingen, P.B. 8013 Dep, 0030  
OSLO

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Askøy kommune		pb 323	5323 Kleppestø
Austevoll kommune		5392 Storebø	
Austrheim kommune			5943 Austrheim
Bergen kommune - Byrådsavdeling for byutvikling, klima og miljø		pb 7700, Rådstuplassen 5	5020 BERGEN
Bergen kommune - Byantikvaren		Postboks 7700	5020 BERGEN
Bømlo kommune		Rådhuset	5430 BREMNES
Eidfjord kommune		Simadalsvegen 1	5783 EIDFJORD
Etne kommune		Postboks 54	5591 ETNE
Fedje Kommune			5947 Fedje
Fiskeridirektoratet, Region vest			
Fitjar kommune		Postboks 83	5418 FITJAR
Fjell kommune		Postboks 184	5342 STRAUME
Fusa kommune			5640 Eikelandsosen
Fylkesmannen i Hordaland		Postboks 7310	5020 Bergen
Granvin herad		Postboks 13	5733 GRANVIN
Granvin kommune		Postboks 13	5733 GRANVIN
Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd.		Postboks 7900	5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune - Regionalavdelinga		Postboks 7900	5020 BERGEN
Jondal kommune		Kommunehuset	5627 JONDAL
Kvam herad - Utvikling		Kvam rådhus - Grovagjelet 16	5600 NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune			5470 ROSENDAL
Lindås kommune		Kvernhusmyrane 20	5914 ISDALSTØ
Masfjorden kommune			5981 MASFJORDNES
Meland kommune			5918 FREKHAUG
Modalen kommune			5729 MODALEN
Norges vassdrags- og energidirektorat, Region vest			
Odda kommune		Opheimsgata 31	5750 ODDA
Os kommune (Hordaland)		Postboks 84	5202 OS
Osterøy kommune			5282 LONEVÅG
Radøy kommune		Krossvegen 8	5936 MANGER
Samnanger kommune		Tyssevegen 217	5650 TYSSE
Statens vegvesen -		Askedalen 4	6863 LEIKANGER

<b>Region vest</b>			
Stord kommune		Postboks 304	5402 STORD
Sund kommune		Postboks 23	5371 SKOGSVÅG
Sveio kommune		Postboks 40	5559 SVEIO
Tysnes kommune		Rådhuset	5685 UGGDAL
Ullensvang herad			5780 KINSARVIK
Ulvik herad		Skeiesvegen 3	5730 Ulvik
Vaksdal kommune		Konsul Jebsensgate 16	5722 DALEKVAM
Voss kommune		Postboks 145	5701 VOSS
Øygarden kommune			5336 TJELDSTØ

